



Handlingsplan 2025

FORMÅL

Frivilligsentralen skal stimulere til frivillig innsats, skape opne møteplassar for befolkninga, og vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

VISJON

Saman skapar vi eit godt og inkluderande lokalsamfunn

DELMÅL

SATSINGSOMRÅDE

TILTAK

1: Frivilligheit

Førebygge einsemd og stimulere til frivillig innsats.

Styrke dei frivillige

Frivillige tenester

Aktive saman

Utvikle rutinar i InVi. Utarbeide stillingsbeskrivingar. Bygge fellesskap og synleggjere vinn-vinn-effekten.

Middagsgjengen, øvingskøyring, digihjelp, besøksvener, språkkaféar og andre tiltak dei frivillige vil bidra med.

Jobbe for at alle barn skal kunne delta på minst ein fritidsaktivitet.

2: Møteplassar

Bygge fellesskap og skape møteplassar på tvers av alder, kultur, bakgrunn og interesser.

Bo- og blilyst

Møte mellom menneske

Levande lokalsamfunn

Auka fokus på unge vaksne og tilflyttarar. Jobbe for ein inkluderande kultur.

Vere starthjelp for dei som vil engasjere seg. Arrangere arrangement og faste aktivitetar i samarbeid med andre.

Synleggjere aktivitetstilbodet ved å vidareutvikle foreningsportalen, etablere info-skjermar, bidra i kommunikasjonsteam.

3: Bindeledd

Vere bindeledd mellom ulike sektorar, og ein støttespelar for frivillige lag.

Styrke foreiningslivet

Lokaldemokrati

Positivprisen

Spreie informasjon om støtteordningar og kompetanseheving, tilby kurs, bistå med marknadsføring og rådgjeving.

Jobbe for å vedta frivilligheitspolitikk.

Bidra til medverking og innsikt i politiske prosessar.

Leie komitéen og skape engasjement rundt prisen.

4: Inkludering

Inspirere lokalsamfunnet i arbeidet med berekraft, solidaritet og inkludering.

BUA

TV-aksjonen

Julegåvedugnad

Tilby utstyr for friluftsliv, sport og leik.

Koordinere lokal komité og innsamling, og skape engasjement rundt aksjonen.

Samle inn gaver til alle under 18 år på mottakssenter og læringscenter.